

Tommel opp fo

Even Hegbom meiner vossingane må gripa OL-sjansen til å skapa næringsvekst.

VINTER-OL

– Folk er ikkje klare over kor positivt dette vil bli for regionen. I dag vil eg ha tomme opp, sa grundar Even Hegbom under Haustkonferansen til Fbk Voss på Park Hotel onsdag. Saman med eigedomsdirektør i Myrkdalen Fjellandsby, Nils Akselberg, la han fram OL-planane for næringslivet. Begge er medlemmer i prosjektgruppa for OL til Voss og Bergen.

Temaet for Haustkonferansen var «Luftslott eller realitet? Kan me få OL til Voss og Bergen i 2030, og kan det bli eit lokomotiv i regionens næringsutvikling?»

– Folk er negative til IOC. Og det er fullt forståeleg. Men me har mottoet om at me bryr oss, me skal få OL på rett køyr.

Med rett køyr, meiner Hegbom og dei andre i Idrettens Olympiade AS m.a. at pampeveldet skal bort, kostnadene kraftig ned, etterbruken skal stå i sentrum, talet på øvingar må ned og paralympics skal få høgare status.

Curling i fotballhall

– For næringslivet er OL utelukkande positivt. Me reknar med at det vert investert ti milliardar i anlegg og fasilitetar. Og ti milliardar til gjennomføring. IOC tek rekninga for gjennomføringa. Dette er store summar næringslivet på Voss bør tena godt på. Og næringslivet bør nytta OL til å skapa nye arbeidsplassar og tileigna seg stor kompetanse. Ta eit døme: Kvifor kan ikkje Voss bli verdslende i arbeidet med antidoping?

– Og tenk kva dette vil ha å seia for distriktet vårt som reisedestinasjon. Her er det berre å sleppa laus kreativiteten, oppmoda Hegbom. Og heldt fram:

– Kvifor skal me ikkje ha ein stor reiselivsskule på Voss? Slikt kan OL vera ein dørpnar for.



IVRIG: Even Hegbom la engasjert fram argument for OL til Voss og Bergen. – For næringslivet er dette Nils Akselberg og Asgeir Løno.

liardar kronene, vil det truleg verta omsett det dobbelte.

Fbk Voss har planar om fotballhall i Prestegardsmoen.

– Dette skal vera ein fleirbrukshall. Og kvifor kan det ikkje verta curling i hallen også? Slik kan me ha OL-curling her på Voss, sa dagleg leiar i Fbk Voss, Trond Syversen.

På Voss vil elles Myrkdalen, Bavallen og Voss ski- og tursenter verta OL-arenaer. Truleg vert også Vik arena under leikane.

Berekraft

Hegbom seier Vestlandet vil ha eit miljøvenleg OL.

– Miljøproblematikken må me ta på alvor. Miljøforkjemparar er som regel imot slike arrangement. Men OL vil verta arrangert uansett, ein eller annan stad. Miljøvernarar bør setja seg ned saman med oss, og syta for

mogleg – og setja standard for resten av verda. Det meiner eg vil vera svært godt miljøarbeid, seier Hegbom.

Idrettstinget i mai

For OL-entusiastane i Bergen og på Voss, vert det mykje møteverksemd framover.

– Me er opptekne av at me skal vera idrettens OL. Om ikkje idretten vil dette, så skal me ikkje søkja. Difor er me glade for at Hordaland idrettskrets no er med oss. Det er kretsen som kjem til å leggja OL på Vestlandet som sak til idrettstinget i mai neste år, seier Bjørn Christensen.

Idrettsleiarar i Noreg er klare for at Noreg igjen skal søkja OL, og at 2030 eller 2034 er aktuelle OL for Noreg. Voss og Bergen vil få konkurranse frå Telemark og Lillehammer.

– At OL i 1994 var god butikk for Lillehammer, er det liten

tvil om. Dei fekk høgsl anlegg med god etterbruk er ikkje utan grunn at d på banen igjen.

Noreg sitt OL

Hegbom understrekar sitt mislukka arbeid n OL i 2020, er til stor lærestvendlingane.

– Skinnbuksenikkersa ikkje med seg idrett. Dei skulle ha alt for seg. Me skal bruka heile landet legg som me ikkje ka etterbruk for på Vestlandet skal ikkje byggjast her storbakke må gå andre

– Me har ikkje sjans ranga herrane sitt på Voss. Så det må an av, seier Nils Akselberg. I Bergen skal det byggj hallar for bruk til skihockey.

– Og alt som skal byggj gensområdet til OL.